



Pilotmidlar

Pilotmidlane skal stimulere til auka bruk av digital teknologi i opplæringa ved Høgskulen i Volda og til kompetanseutvikling mellom tilsette.

Digitalisering i undervisninga gir mulegheiter for å leggje til rette for varierte læringsformer og heve utdanningskvaliteten. Pilotmidlane skal medverke til at fagleg tilsette får prøve ut ulike typar teknologi og nye utdanningsdesign. Midlane skal og så bidra til kompetanseutvikling mellom tilsette ved HVO ved at fagmiljø prøver ut nyt teknologi og formidlar erfaringane frå dette til kollegaer. Piloten skal utviklast i samarbeid med støttemiljøet for e-læring ved IT-kontoret.

Kva kan ein søke støtte til?

1. Utviklingsprosjekt, til dømes:

- Utprøving av teknologistøtta læring-design
- Utvikling og vidareutvikling av fleksible vidareutdanningstilbod
- Samarbeid med arbeidslivet/praksisfeltet om nye kurs eller studietilbod
- Gjere bruk av ny programvare i opplæringa
- Teknisk hjelp til bruk av ny teknologi
- Frikjøp av tid til å skrive søknad om eksterne midlar til utvikling av utdanningskvalitet

Delar av søknadssummen kan gå til å dekkje utstyr som er nødvendig for å gjennomføre prosjektet, men det vert ikkje høve til å søke om midlar til teknisk utstyr og programvare åleine.

2. **Kompetanseutviklingstiltak**, til dømes studietur og deltaking på seminar om bruk av digital teknologi i opplæringa.

Frå pilot til praksis

Pilotane skal medverke til å utvikle undervisningspraksisen ved HVO. Det er ein føresetnad at både prosess og resultat vert dokumentert i form av ein sluttrapport. Det vert også forventa at ein presenterer prosjektet på nettstaden til HVO og tek del i erfaringsutveksling for kollegaer internt på høgskulen.

Tildeling av midlar

Søknadsfrist: 25. april. Rektorat og direktør tildeler midlar til utviklingsprosjekt på bakgrunn av innkomne søknader og saksutgreiing skriven av støtteining for e-læring. Maksi-

umsbeløp pr søknad er kr 100 000. Det vert sett ei bagatellgrense på kr 30 000 pr søknad til utviklingsprosjekta.

For stønad til deltaking på konferansar kan ein søke midlar gjennom heile året. Støtteining for e-læring kan tildele inntil kr 10 000 til kompetanseutviklingstiltak.

Kven kan søke?

Fagmiljø ved Høgskulen i Volda. Søknaden skal forankrast hjå næraste leiar med budsjettansvar. Det blir gitt tilbod om søknadsretteleing, ta kontakt på beta@hivolda.no.

Ordninga med pilotmidlar varer ut 2017, og det vert vurdert om ordninga skal vidareførast.